

# Uttale frå majoriteten av grunneigarane kring Selsvatnet

**Til:** Folkevalde i Sunnfjord kommune

**Frå:** Majoriteten av grunneigarane kring Selsvatnet

**Dato:** 12.12.2025

**Emne:** Planlagt demning ved Selsvatnet, saksnummer 240/25

*Kjære kommunestyre,*

*Vi som representerer majoriteten av grunneigarane kring Selsvatnet ønskjer å dele kvifor vi meiner den planlagde demninga er eit ansvarleg, framtidsretta og miljøtilpassa tiltak – med klare fordelar for både lokalsamfunnet og kommunen.*

## **Kvifor vi støttar tiltaket ved Selsvatnet**

Majoriteten av grunneigarane kring Selsvatnet meiner demninga er eit ansvarleg, framtidsretta og naturtilpassa tiltak som sikrar energi, drikkevatn og klimatilpassing – med minimale inngrep. Vi bur i nærleiken, har rettar i området og støttar etablering av demninga fordi energi og drikkevatn er livsviktige for samfunnet. Her kan landbruk, vasskraft og friluftsliv leve side om side – utan å ofre naturen.

## **Stolte forvaltarar av lokale ressursar**

Vi forvaltar rettar med røter tilbake til Magnus Lagabøtes landslov frå 1200-talet. Rennande vatn har alltid vore livsviktig – frå kvernhus og sagbruk til moderne vasskraft som gjer om energi til elektrisitet. Gjennom desse rettane bidreg vi blant anna til reint drikkevatn, fornybar energi og matproduksjon – samtidig som inntektene held liv i gardane våre. Dette er kulturarv i praksis, ikkje privatisering av naturen.

Tiltaket styrkar økonomien til gardane og sikrar framtidig drift, samtidig som samfunnet treng meir fornybar energi. Ved å utnytte ressursane lokalt, bidreg vi til å redusere klimabelastninga og gjer energiforsyninga meir robust – ikkje berre her heime, men også i andre land som får tilgang til norsk fornybar kraft.

Vi har ein god dialog med [Norsk Vannkraft AS](#) og Sunnfjord kommune, om både kraftverk og drift av kommunalt vassverk. Det stemmer heller ikkje at søkar har fått avslag – søknaden frå 2024 blei trekt for å gjere justeringar etter uventa lokal motstand. Dette viser ei ansvarleg verksemd, som ynskjer eit godt samarbeid med falleigarar og lokalsamfunn, knytt til produksjon av fornybar og rein energi.



Skjermdump av konsesjonssøknaden (T.V.) og ortofoto av eksisterande demning ved Seltuftvatn, bak Storehesten (T.H.)

I dette området finn ein også spor etter fleire private kraftverk frå etterkrigstida, som den gongen leverte straum direkte til gardane. Eit døme er restane etter det private kraftverket i Selselva, som forsynte lokale gardar med straum på 1950-talet. Eit anna er demninga ved Seltuftvatnet, bak Storehesten, som var knytt til eit tidlegare kraftverk i Kvame. Demninga er i dag ikkje funksjonell, men demninga ligg tett ved turstien mot Storehesten og Skaraly, men få besøkande legg merke til henne. I dag er norsk vasskraft ein del av ein global marknad, der det ved eit ev. løyve vert stilt strenge krav til miljøomsyn og landskapstilpassing for nye tiltak. Kva framtida vil bringe av samfunnsbehov eller nye utfordringar, er det ingen som veit sikkert – men fjella vil framleis stå att. Og kanskje vil vasskrafta igjen finne nye former og nye vegar, slik ho alltid har gjort.



Illustrasjon av eksisterande- og planlagt inntakdemning ved Selsvatnet, samt eksisterande demning ved Seltuftvatn kraftverk frå etterkrigstida. Kommunekart.no desember 2025.

## **Tiltaket er skånsamt og gjennomtenkt**

Demninga blir 10–15 meter brei, 1 meter høg, med ei open spalte og natursteinskledning for å gli inn i landskapet. Ingen nye areal blir lagt under vatn, og det blir ingen døgndrift. Området kring Selsvatnet er lite brukt til friluftsliv, og vi ser ingen vesentleg konflikt.

Formålet er å gje jamnare vassføring, særleg ved stor nedbør, og redusere erosjon og flaumtoppar. Dette gjev fordelar for kraftverket, vassverket og innbyggjarar som bur langs elva – utan nemneverdige ulemper for naturen.

Samanlikna med eit nytt småkraftverk (5–15 GWh, est. 20–50 mill. kroner, større inngrep), framstår ei lita demning som kan auke produksjonen med 3,3 GWh som ei fornuftig investering. Til samanlikning tilsvara dette årsforbruket til ca. 160 husstandar.

## **Den verkelege trusselen mot naturen**

Den største trusselen mot naturen i dette området er ikkje små, miljøtilpassa tiltak – men kommersialiseringa av fjellet gjennom turisme, hyttebygging og tilrettelegging. Dette påverkar beitedyr, villrein og naturmangfald langt meir enn ein miljøtilpassa demning. Villreinen fryktar først og fremst menneske og andre rovdyr – inkludert lause hundar – ikkje små tekniske inngrep.

Å stanse eit samfunnsnyttig prosjekt, samstundes som ein legg til rette for slike tiltak, er dobbeltmoral.

Vi ser derfor behovet for å vurdere slik kommersialisering og tilrettelegging i fjellet opp mot omsynet til landbruk, energiproduksjon og tilgang til reint drikkevatt – som etter vårt syn er viktigare for samfunnet. Dette er derimot ikkje meint som motstand mot turisme eller friluftsliv.

## **Kvifor er dette viktig?**

Det grønne skiftet krev mange små løft. Tiltaket gir stabil drift for kraftverk og vassverk, reduserer erosjon og flaum, og bidreg til klimatilpassing – utan omfattande naturinngrep. Det gjev inntekter til grunneigarar og kommunen, og styrkar omstillinga frå fossilt til fornybar energi.

## **Vi bør vurdere naturinngrep med same målestokk**

Energiforsyning og drikkevatt er samfunnskritiske funksjonar, viktigare enn turisme og hyttebygging. Demninga ved Selsvatnet er ansvarleg, framtidsretta og planlagt med omsyn til natur og landskap. Vi oppmodar alle som bryr seg om trygg energiforsyning og levande bygder til å støtte tiltaket.

***Uansett kor små bidraga verkar i den store samanhengen, er dei viktige – først og fremst for oss lokalt, men også for samfunnet elles. Ei skånsam demning ved Selsvatnet gir meir fornybar energi, sikrere drift av lokalt vassverk og klimatilpassing utan å ofre naturen. Dette er berekraftig samfunnsutvikling i praksis, og når vi kan kombinere lokal verdiskaping med globale klimamål, vonar vi kommunestyret støtter prosjektet. Vi oppmodar dykk til å tenke på trygg energiforsyning, levande bygder og berekraftig forvaltning – og støtte tiltaket ved Selsvatnet.***

## **Hjarteleg helsing**

### **Majoriteten av grunneigarane med aktuelle bruksrettar i Selsvatnet**

Jens Ludvik Berge (G/bnr: 226/2)

Mads Håvard Bygstad (G/bnr: 223/2)

Reidunn Lundekvam Berge (G/bnr: 226/2)

Audun Bjørvik (G/bnr: 224/2)

Arild Borlaug (G/bnr: 227/2)

Orill Johnsen (G/bnr: 223/3)

Kåre Sæle (G/bnr: 227/1)

Arnt Henning Kårstad (G/bnr: 222/3)

Øyvind Løland (G/bnr: 227/4)

Ola Kvamme (G/bnr: 222/1)

Kristine Gro Berglihn (G/bnr: 226/1)

Knut Erik Kapstad (G/bnr: 222/11)

Patrick Langeland (G/bnr: 226/3)

Lars Inge Kårstad (G/bnr: 222/4)

Eli Therese Nedrebø (G/bnr: 226/3)

Ole Johnny Kapstad (G/bnr: 222/11)

Med fleire.

